

ÅRSMØTE I LEIKARRINGEN BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

i Lagsrommet i Rosenkrantz' gate 8

Tysdag 4. mars 2025



Ole Eklornes

SAK 1 – OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: Innkalling og saksliste blir vedtatt.

1.2 Val av møteleiar

Framlegg til vedtak: Torbjørn B. Lauen

1.3 Val av skrivar

Framlegg til vedtak: Ragnhild Marie Holen og Ane Magrete Valseth

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Framlegg til vedtak: Blir gjort i møtet.

1.5 Val av teljekorps

Framlegg til vedtak: Blir gjort i møtet.

SAK 2 – ÅRSMELDINGAR

Vedlegg: 02 Årsmeldingar 2024

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen

2.3 Melding frå Bunadsnemnda

Framlegg til vedtak:

Meldingane blir vedteke slik dei er lagt fram.

SAK 3 – REKNESKAP OG BALANSE 2024

Vedlegg: 03 Rekneskap og balanse 2024

Framlegg til vedtak:

Rekneskapen og balansen for 2024 blir vedteke slik dei er lagt fram, med atterhald om endringar ifm. revisjon av BUL (hovudlaget) sitt rekneskap.

SAK 4 – ARBEIDSPLAN 2025

Vedlegg: 04 Arbeidsplan 2025

Framlegg til vedtak:

Planane for 2025 blir vedteke slik dei er lagt fram.

SAK 5 – MEDLEMSPENGAR 2026

Ved innføring av eigne grunnkurs om onsdagane hausten 2024 vedtok styret å ta ein fotskatt på kr. 100,- pr. kurskveld for dei som ikkje er medlemmar. Styret foreslår å halde fram med denne praksisen i 2025 og 2026. Elles foreslår ikkje styret andre endringar.

Anna informasjon om medlemskap i Leikarringen:

Faktura for medlemsavgift blir sendt på e-post (ein gong per år) frå hovudlaget i BUL, i januar eller ved innmelding. Alle medlemmar får tilsendt nyhende-brev omlag ein gong i månaden om aktiviteten i Leikarringen og andre aktuelle tilskipingar.

Medlemsfordelar:

- Kaffistova: 10 %
- Heimen Husfliden i Arbeidergata og GlasMagasinet på Stortorget, på hyllevarer: 10 %
Rabatten gjeld ikkje for syng av bunader, bestillingsvarer eller salsvarer. For å få rabatten må ein vise fram gyldig medlemskort i kassa.
- Bondeheimen: 15 %
Vis til medlemskap ved booking av rom på telefon eller e-post.
- Det Norske Teatret: 20 %
Bruk rabattkode medlem for bestilling. Rabattkoden gjeld for to billetter per medlem.
- Comfort, Quality og Clarion-hotell i Noreg: 20 %
Bruk rabattkode 66457 ved reservasjon på www.nordicchoicehotels.no
- De Bergenske (hotell i Bergen): 15 %
Bruk rabattkode NORUNG456 ved reservasjon på <https://www.debergenske.no>
- Fiken rekneskapsprogram: 15 %
For å nytte medlemsfordelen oppgir du Norges Ungdomslag og medlemsnummeret ditt ved bestilling.
- Oslo sportslager: På sportsutstyr etter gjeldande avtale
- Bondeungdomslaget har to hytter som medlemer kan leige til gode prisar.

Framlegg til vedtak:

Medlemspengane for 2026 forblir uendra på kr. 300,- Dette kjem i tillegg til medlemspengane til hovudlaget.

Ikkje-medlemmar kan delta på tysdagsøvingane i Leikarringen mot ein fotskatt på kr. 70,- pr. øving, og grunnkurs på kr. 100,- pr. kurskveld.

SAK 6 – BUDSJETT 2025

Vedlegg: 06 Budsjett 2025

Styret sitt framlegg til vedtak:

Budsjettet blir vedteke slik det er lagt fram.

SAK 7 – VAL

Vedlegg: 07 Liste – val til Rådet i Leikarringen 2025

Innstilling til nytt styre:

Leiar: Elise Birgitte Haugsten Thomassen (1 år, ny som leiar)

Styremedlem: Ane Margrete Valseth (ikkje på val)

Styremedlem: Vebjørn Fauske Jøten (ikkje på val)

Styremedlem: Anna Aarekoll (2 år, ny)

Styremedlem: Erik Orved Hiltunen (2 år, ny)

*Styremedlem: Synnøve Bryde (1 år, ny)**

1. vara: Sara sneltorp (1 år, ny)

2. vara: Øystein Krogstie (1 år, ny)

*** Bakgrunn for framlegget om ekstra styremedlem:**

Ettersom aktiviteten i Leikarringen har auka mykje dei siste åra, ser vi at styret har meir og meir ansvar.

Valnemnda tilrår derfor å velge ein ekstra styremedlem inn i styret for perioden 2025-2026, med mål om sjå korleis denne ekstra kapasiteten fungerer.

Rådet i Leikarringen hadde plan om å kome med endringsframlegg til årsmøte, der ein skulle foreslå å endre §4 til å ha ei rundare formulering kring tal på medlemer i styret, slik at ein kan opp- og nedskalere talet på medlemer i styret utifrå nivå og ambisjon i Leikarringen. Av ulike årsaker rakk ikkje Rådet å levere inn eit slik endringsframlegg innan fristen for innmelding av saker til Årsmøtet 2025. Dette kan eventuelt bli handsama på eit omframt årsmøte før Årsmøtet 2026.

Synnøve har tidlegare vore med i styret i Leikarringen, og har i 2024 utført økonomirelaterte oppgåver på oppdrag fra styret. Ho har sagt ja til å ta på seg vervet som styremedlem i eitt år om Årsmøtet godtek unntaket frå noverande lov.

Valnemnda ser det som svært positivt at fleire vil ta på seg viktige verv i Leikarringen, slik at ein kan fortsette det gode arbeidet.

Innstilling til ny bunadnemnd:

Anne-Cathrine Johansen (1 år, attval)

Sigrid Kjøbli (1 år, attval)

Åse Holen (1 år, attval)

Nina Losnedahl (1 år, ny)*

** Merknad: I styringsføresegner for Leikarringen står det at bunadnemnda består av tre medlem. I år ynskjer valnemnda å innstille ein fjerde og ny medlem – Nina Losnedal. Ho studerer for tida tekstil ved Rauland, og kjem ikkje attende igjen til Oslo før til hausten. Ettersom det er mest behov med bunadane kring 17. mai er det behov for tre operative medlem av bunadnemnda også i våres. Vi ser det som ei fin anledning å få til overlapp i kunnskapen det komande året med fire medlem av nemnda.*

Val til rådet:

Rådet blir valt av årsmøtet basert på vedlagt liste over kandidatar som fyller krava i styringsføresegnene. Lista blir delt ut på årsmøtet.

I 2024 blei Audun Grüner-Hegge og Rune Hernes Bjerke valt for 2 år, og er difor ikkje på val i år.

Innstilling til ny valnemnd:

Anbjørg Myhra Bergwitz (1 år, attval)

Hallvard Øfstaas (1 år, attval)

Nikolai Storevik (1 år, ny)